

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato: 09.10.2018
Tidspunkt: 10.00 – 12.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Roger Pilskog	Leiar	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Kristin Elisabeth H. Moer	Medlem	Lærlingrep.vara
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Rita Jordal	Medlem	LO
Fredrik Øsleby	Medlem	STUD

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF
John Helge Gullaksen	Roald Stenseide	H

Merknader

Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse, deltok i møtet

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Marianne Lavik	Sekretær
Janne Damba	Rådgjevar
Signe Sætre	Leiar prøve og dokumentasjon

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 40/18	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 41/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.05.2018	2018/679	
PS 42/18	Referatsaker (meldingar)		
PS 43/18	Ymse		
PS 44/18	Bruk av statlege midlar - arbeid med rekruttering av lærebedrifter	2018/14348	
PS 45/18	Rutine for tap av godkjenning for lærebedrift	2018/14853	

PS 40/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Yrkesopplæringsnemnda slutta seg til at ny sak vart sett på sakskartet utan saksframlegg: PS 45/18.

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 41/18 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.05.2018

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 29.05.2018 vart godkjent.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 29.5.2018 vart godkjent.

PS 42/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Det var ingen referatsaker.

PS 43/18 Ymse

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Elev- og lærlingombodet får talerett ved relevante saker i Yrkesopplæringsnemnda.

Inge Alvær orienterte om læreplassgaranti i Nordhordland.

Sigrid Isdal gav ein orientering om elev- og lærlingombodet sin rapport.

Liste med oversikt over godkjente lærebedrifter frå 7. mai til 4. oktober 2018 vart utdelt på møtet.

PS 44/18 Bruk av statlege midlar - arbeid med rekruttering av lærebedrifter

Forslag til vedtak

- 1 Styrkje prosjekt «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» med 1,1 mill. kroner i 2018, 2019 og 2020. Totalt 3,3 mill. kroner. Fleire skular skal involverast i metodikken frå prosjektet, og det skal etablerast lokale nettverk. Styrkinga bør ha særleg merksemd retta mot region Stor-Bergen.
- 2 Fylkesrådmannen ber om at det vert utarbeidd ein plan for bruken av midlane og at det vert rapportert på bruken kvart år.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Styrkje prosjekt «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» med 1,1 mill. kroner i 2018, 2019 og 2020. Totalt 3,3 mill. kroner. Fleire skular skal involverast i metodikken frå prosjektet, og det skal etablerast lokale nettverk. Styrkinga bør ha særleg merksemd retta mot region Stor-Bergen.
2. Fylkesrådmannen ber om at det vert utarbeidd ein plan for bruken av midlane og at det vert rapportert på bruken kvart år.

Yrkesopplæringsnemnda tilslutta seg konstituert fylkesrådmann sin innstilling med følgjande tilleggspunkt:

3. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det arbeidet som skjer i Nordhordland (Læreplassgaranti i Nordhordland) implementerast i planen på tenleg vis.

PS 45/18 Rutine for tap av godkjenning for lærebedrift

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 09.10.2018

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Vedtak

Yrkesopplæringsnemnda tilslutta seg rutine for tap av godkjenning som lærebedrift.